



Majo Eigedom AS  
Lindåsvegen 154  
5916 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/1435 - 17/20271

Saksbehandlar:  
Eilin Houlison Molvik  
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
04.07.2017

## Mellombels bruksløyve einebustad gbnr 137/786 Alver

### Administrativt vedtak. Saknr: 316/17

**Tiltakshavar:** Leif Ketil Bognøy og Elisabeth Nordal  
**Ansvarleg søkjar:** Majo Eigedom AS  
**Søknadstype:** Søknad om mellombels bruksløyve etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 29.07.16.

Ansvarleg søkjar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk. Følgjande arbeid står att:

Grunnen til at det søkes midlertidig bruksløyve, er at det er søkt om endring av gitt tillatelse og dispensasjon for terrengmur 15.05.17. Denne søknaden ligger til behandling i kommunen, og i påvente av behandling søker vi midlertidig bruksløyve.

Rekkefølgekrav: det er i plan og miljøutvalget 31.05.17 gitt dispensasjon fra krav om ferdigstilling av leikeplass FL3. Leikeplass FL2 er opparbeidd og sikra med gjerde og port. Det gjenstår noko utven

Angi resterende deler av tiltaket hvor det her ikke søkes om midlertidig brukstillatelse

*SIKRING PÅ TERRENGMURER. Disse ER MIDLERTIDIG SIKRET MED ANLEGG SØJERDE*

Mellombels bruksløyve gjeld delar av tiltaket tiltaket: Einebustad

Ansvarleg søkjar har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til: 01.10.17

Det vert elles vist til søknad motteken 09.06.17 og supplert 04.07.17.

### VURDERING

Kommunen legg motteken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for delar av tiltaket, jf. plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd.

### Skildring



Adresse:	Nedre Mangerbua 53
Bygningstiltak:	Einebustad
Bygningsnummer:	300571625
Bruksareal:	294 m <sup>2</sup>
Vatn og avløp:	Offentleg
Tal på røykløp:	1

#### **VEDTAK:**

**Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for einebustad på gbnr. 137/786. Mellombels bruksløyve vert gjeve på følgjande vilkår:**

- 1. Mellombels bruksløyve gjeld følgjande del av tiltaket: Einebustad**
- 2. Ferdigattest skal liggje føre innan 01.10.17.**

#### **Bortfall av mellombels bruksløyve**

Mellombels bruksløyve fell bort på fristdato for ferdigattest. Om det ikkje ligg føre ferdigattest innan fristen er bruk ikkje lenger lovleg og må opphøyra. Om attståande arbeid ikkje vert ferdigstilt innan fristen skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling etter plan- og bygningslova kapittel 32. Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

#### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

#### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 16/1435**

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Leif Ketil Bognøy	Kvassnesvegen 55	5914	ISDALSTØ
Leif Ketil Bognøy og Elisabeth Nordal	Lønborglien 195	5039	BERGEN
Majo Eigedom AS	Lindåsvegen 154	5916	ISDALSTØ

**Mottakarar:**

Majo Eigedom AS	Lindåsvegen 154	5916	ISDALSTØ
-----------------	-----------------	------	----------